## Betelskipet Elieser ved Sandakaien i kveld.

09.11.2014

Møte ombord i Betelskipet Elieser søndag kl. 19.

**I kveld kl. 19. vert det møte ombord i Betelskipet Elieser då dei kjem til Sandakaien. Det er Den indre sjømannsmisjon som står bak turane med Elieser, og dei har jamnleg hatt møte ved Sandakaien dei siste åra. Sjømannsmisjonen har og hatt sterke tradisjonar i Uskedalen.**

Det kvite skipet reiser langs kysten med evangeliet, og denne gongen vitjar dei også Varaldsøy og Høylandsbygd i vårt nærområde.

Som vanleg vert det mykje song og musikk når Betelskipet Elieser er på vitjing. I tillegg er naturleg nok andakt sentralt i programmet. Dagfinn Sandal deltek saman med mannskapet. Enkel servering og utlodding vert det òg.

Arrangørane i DISM ønskjer alle velkommen ombord kl. 19 i kveld, søndag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen